

Årsmelding Dirdal Misjonsforsamling NLM 2018

Me vil i starten av denne årsmeldinga løfte fram resultat av strategiarbeidet som er gjort i forsamlinga. Me har arbeid mot å definere mål, visjon og verdiar. Alt under NLMs motto, Verda for Kristus.

Vårt mål

Levende tro – Voksende fellesskap

Vår visjon

Vi ønsker å være et inkluderende fellesskap som frimodig deler det vi selv har mottatt i Jesus

Våre verdiar

Sannhet – Frihet - Lydighet

Ei levande tru blir skapt i oss gjennom budskapet me høyrer, og budskapet kjem av Kristi ord. Å leggje til rette for at Kristi ord blir forkynt, står derfor sentralt i arbeidet styret gjer. Skal fellesskapet vokse, skape frimodighet og liv blant dei som høyrer på, må Guds Ord få bu rikeleg i blant oss. Ikkje bare på søndag formiddag, men i heile kvardagen. Den heilage ande må få arbeid med oss, skape god jord i hjertene våre og la Gudslivet vokse og bere frukt. Gud gler seg over sanning i vårt indre, sanninga set fri. Me må derfor gje Gud rett når han arbeider i liva våre. Me må be om at me kan få leve i sanning og fridom både ovanfor Gud og kvarandre. Me må vere lydige når Gud kallar oss til teneste, både blant naboane våre og ut i all verda. Hekken mot naboen må ikkje vokse så høg at me ikkje lenger kan snakke over han.

Verdiane har vorte sett i fokus siste året, både i bibeltimar og som tema på fellesmøta med ungdomsforeninga.

Styret har siste året fortsatt arbeidet med å byggje forsamlinga, og har i særleg grad hatt eit ønske om å skape tettare band inn mot ungdomsarbeide. Det er derfor særleg gledeleg at me ser at møta søndag formiddag også kan romme den yngre generasjonen. Det er flott å kunne samlast heile familien.

Lag og foreiningar knytt til misjonsforsamlinga:

Det er ikkje dei store variasjonane i lag og foreingar som er knytt til forsamlinga. Endring dette året er at Barnegospel er lagt på is frå hausten av. Elles er oversikten slik:

- Kongebarna
- Maks-klubb
- Yngres
- Fredagstreff
- Ungdomsforeningen
- Kvinneforeningar:
 - Unge kvinne
 - Kaphenguria
 - Voi

- Suao
- Kunming
- Byrkjedal
- Dirdal mansforening

Møteverksemd

Verksemda året 2018 har bestått av misjonsmøter, nattverdmøter, familiemøter, møteveker, bibeltimar, julemesse, medlems-/forsamlingsmøter og andre arrangement.

Særleg våren 2018 var det fokus på verdiane i forsamlinga. Både lokale og tilreisande forkynnarar tala over emna. Dette gav oss ulike innfallsvinklar til verdiane. Magne Birkedal hadde i juni fleire bibeltimar med verdiane som tema.

Nytt denne hausten har vore at det er blitt arrangert bibeltimar. Jakob Trodahl hadde desse kveldane med tema frå Daniels bok. Tema vart vinkla og aktualisert inn i vår tid. Samlingane samla godt med folk, og er noko styret ønskjer å fortsetje med. Bibelundervisning er noko me må ta på alvor og ta ansvar for.

Ei gruppe er sett ned for å starte alpha-kurs våren 2019. Styret ser med forventning fram mot dette.

Forsamlinga er velsigna med mange barn og våren 2018 vart Asgeir Gilje døypt i forsamlinga.

Det er framleis formiddagsmøta med søndagsskule som samlar mest folk. På dei fleste møta står talaren fritt til å velje emne sjølv, men ofte er det søndagens tekst som har vore tema for møta. Styret har samtalt om behov for å systematisere forkynnelsen noko meir slik at ein sikrar seg at heile Guds Ord blir forkynt. Ein har stilt seg spørsmål om ein skal tematisere møta meir eller om ein skal halde seg til bruk av søndagens tekst. Styret har ikkje konkludert på dette.

Forsamling

Styret har arbeida med å starte tenestegrupper. Tanken med dette var å ha "ein ny start" i forsamlinga og at tradisjonar med kven som vart spurt til ulike oppgåver skulle brytast. Dette var tema på eit medlemsmøte, det vart presentert hensikten og det vart samtalt i grupper. Trass i at det vart oppfordra frå eit medlem i forsamlinga om å vere "lydig" mot styret i dette arbeidet, og at ein skulle vere tru mot den nådegåva ein har fått, var det liten respons. Under 10 meldte seg til å vere med. Det kan vere fleire orsaker til dette, men styret ønskjer å arbeide vidare med saka. Frimod og fridom i tenesta er viktig. Det å vere ei nådegåvebasert forsamling vil bli sett på dagsorden. Som eit alternativ til tenestegrupper er det blitt sett saman nokre grupper som tar ansvar for ulike møter. Gruppene er basert på tidlegare grupper som hadde ansvar for familiemøter og ulike foreningar og bibelgrupper. Faren med dette er at personar som ønskjer å vere med i arrangement av møter ikkje blir inkludert. Ein vil derfor arbeide vidare med tenestegruppemodellen.

Styret i ungdomsforeninga har over fleire år ønska tettare kontakt med vaksengenerasjonen i forsamlinga. Hausten 2018 vart styret konkret oppfordra til å tettare følgje opp arbeidet ettersom ledaren i styret hadde behov for å trekkje seg noko tilbake. Jørn har tatt utfordringa med å følgje opp dette arbeidet. Han har deltatt på styremøte og rettleier styret i deira arbeidet. Han har òg arbeidd

med å etablere "voksenledere" som møter på alle samlingane til ungdomsforeninga. Han følgjer òg den andelege biten av møta. Styret er takknemleg for det arbeidet han legg ned der.

Forsamlinga har medlemmer.

Styret har i 2018 bestått av:

Olav Erik Dahl (Leder)

Jørn Helland(Nestleder)

Glenn Ove Gilje (Økonomiansvarleg)

Bjørg Gilje (Sekretær)

Tove Gilje (Styremedlem)

Lars Tore Gustavsen (1. varamedlem)

Styret har i 2018 behandla 42 saker.